



Bjergulv Eik har bekransa minnesteinen

Uskedalen fekk føla krigen i aprildagane 1940 sjølv om krigen her i bygda i den store samanhengen berre var ein liten del av hendingane. Vi fekk oppleva uhyggen og meiningslausa som ein krig er. Det konstaterte Bjergulv Eik før han i ettermiddag bekransa minnesteinen i Skårhaug der ein kan lesa at Hans Laurits Landa omkom då båten der han var tømmermann vart torpedert 28. desember 1942 i Atlanterhavet. 82-åringen Bjergulv hadde ingen problem med dobbeltrolla han hadde - som kornettist i musikklaget og bekransning av steinen med minnetale, Samlinga på Steneplassen vart eit verdig arrangement der ein trio presenterte utfyllande kunnskap om båtene som tok del i det som vart eit av dei største sjøslaga i krigen her i landet, Programleiar Kristian Bringedal slo fast at Lars B. Sæberg, Trond Ramsøy og Einar Gjertsen har gjort ein imponerende innsats med å skaffa meir detaljkunnskap om det som skjedde rundt krigshendingane i Uskedalen. Og jobben er slett ikkje fullført.



[Bjørgulv Eik spelar i musikklaget](#)

Det er no 20 år sidan minnesteinen ved stemneplassen vart avduka av tidlegare forsvarssjef Torolf Rein, som heldt fram at steinen skulle vera bygda sin heider til dei frå Uskedalen som tok det tyngste taket for at landet vårt skulle verta fritt. Ein frå vår bygd vart såra under kampane i Valdres og fleire av sjøfolka vart torpederte. - I 1945 fekk vi ikkje berre attende freden, men også fridomen og fred utan fridom er trældom, påpeika Bjørgulv og minte om at mange land framleis ikkje vunne fram til fridom. Han avslutta tala med eit vers av Magnus Landstad som ein dødsdømt ba om og som han fekk høyra:

**Fred og frihet Norge eier
er på Herrens ord ei arm
lengsel efter lysets seier
brenne i hver nordmanns barm.
I hvert trofast hjerte ned
ordet senke trøst og fred,
Norge over våre grave
blomster som en Herrens have**



Det var godt fram møte under markeringa (Foto: Thor Inge Døsland)

Grappa som jobbar med å skaffa meir dokumentasjon om kampane i Uskedalen eller rettare Hardanger sjøforsvarsavsnitt presenterte ei brei framstilling av situasjonen i området slik den utvikla seg etter 8. april. Uskedalen vart faktisk sentral i ein stor samanheng og av dei mange skip som tok del i kampane vart Stegg seinka i Herøysund. Grappa har også skaffa fleire fakta om bilane som fekk påmontert kanonar. Ein vart sendt til Norheimsund og 2 til Voss. Grunnen til at ein sprakk på Ljosnes var at kanonen var gamal og ammunisjonen for kraftig.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Tyr vert presentert av Lars B. Sæberg, Trond Ramsøy og Einar Gjertsen